

Fra: Silje Nordtveit Olsen[silje.nordtveit.olsen@kvinnherad.kommune.no]

Mottatt: 04.06.2026 15:02:48

Til: Post[post@kvinnherad.kommune.no]; Bente Høyland[bente.hoyland@kvinnherad.kommune.no]; Vegard Bjørnevik[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no]

Emne: Spørsmål til ordfører

Hei,

Legg ved spørsmål til ordfører.

Den 27. mars 2026 sa Høgsterett sin første dom i ei sak om vilkåra for å gje dispensasjon etter plan- og bygningsslova. Dommen kan lesast i sin heilskap her: HR-2026-730-A.

Holth og Winge peiker på at politiske møte er ein lite eigna arena for å gjere grundige rettslege vurderingar. Det er difor kommunelova § 13-1 tredje ledd uttrykkeleg legg ansvaret for rettslege vurderingar til kommunedirektøren. Likevel har dei fleste kommunane organisert seg slik at det er dei folkevalde som skal ta endeleg stilling til om vilkåra i lova er oppfylte eller ikkje. Dette skjer anten på grunnlag av ei innstilling frå administrasjonen, eller ved at eit politisk utval opptrer som klageorgan. Høgsterettsdommen tilseier at kommunane bør tenkje nytt om korleis dei organiserer behandlinga av dispensasjonssaker. Dei peikar vidare på at de er grunn til å reise spørsmål ved kvifor rettslege spørsmål i det heile skal leggjast fram for politisk behandling, når det ikkje er rom for å utøve politikk.

Kva påverknad vil høgsterettsdommen ha for måten vi organiserer dispensasjonssaker i Kvinnherad kommune og kva vil dette medføre for måten vi har organisert det politiske arbeidet i Kvinnherad?

Med helsing

Silje Nordtveit Olsen
Kvinnherad SV

Sendt frå [Outlook for iOS](#)